



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Forvaltningsstyret - Planutval	26.09.2011	090/11	FRG
Kommunestyret	04.10.2011	099/11	FRG

Saksansvarleg Frode Glesnes	Arkiv: N-101.3 Objekt:	ArkivsakID 2008002675
---------------------------------------	---	---------------------------------

KOMMUNEPLANEN - RULLERING

Saksutgreiing:

Sund kommune sin gjeldande kommuneplan består av ein tekstdel og ein arealdel. Planen vart vedteken av kommunestyret 23. mai 2006.

Kommuneplanen sin arealdel er ein del av kommunen sin langsiktige og overordna planlegging. Minst ein gong i kva valperiode skal kommuneplanen vurderast og foreta endringar dersom det er naudsunt, jfr plan og bygningslova § 20-1.

Kommuneplanen er delt inn i ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen er ein langsiktig planlegging med brei samfunnsmessig tilnærming. Samfunnsdelen viser og konkretiserer politiske mål og visjonar for utvikling av kommunen.

Arealdelen fastset arealbruken i kommunen. Arealplanen er juridisk bindande og består av eit plankart med vedtekter. Avvik frå planen skal handsamast som dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova § 7. Planen kan også innehalde retningsliner til planen som ikkje er juridisk bindande, men gjev viktige føringar i høve til arealdisponeringar.

Vurdering:

Arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplanar som omhandlar utbyggingsområde skal handsamast etter "Forskrift om konsekvensutredningar". Det skal utarbeidast eit planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel. Føremålet med forskrifta er at omsynet til miljø, natur og samfunn blir ivareteken i planlegginga. I dette ligg krav om utarbeiding av et planprogram som skal avklare rammer og premisser for planarbeidet, klargjere føremålet med planarbeidet og skildre kva for utbyggingsstrategiar og alternativ som vil bli vurdert. Ein skal også skildre kva for utgreiingar ein meiner er nødvendig for å gi eit godt grunnlag for avgjersle.

Planprogrammet skal gjere greie for målsettinga med planarbeidet og det skal gjere greie for innhaldet og gjennomføringa av planarbeidet. Den skal særskilt vise korleis medverknadsprosessen for innbyggjarar og andre interesserte skal gjennomførast. Målet med planprogrammet er å gjere planprosessen tydeleg og føreseieleg.

Planprogrammet skal sendast ut til høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, før kommunen kan fastsette planprogrammet.

I planforslaget skal ein gjere greie for planarbeidet og skildre dei trulege verknadene av dei utbyggingsstrategiane og arealdisponeringane som ein foreslår i planen. Det er berre dei delane av planen som fastsett rammer for framtidig utbygging og som medfører endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast.

Det er mange utfordringar som kan knytast til arealdelen av kommuneplanen og vi i administrasjonen vil trekkje fram desse særskilt:

1. Leggje til rette for bustadareal

- Ha områder tilgjengeleg for fortetting og spreidd utbygging i dei etablerte bygdene
- Legg til rette for tett utbygging i nærleiken av Skogsskiftet
- Ha mindre områder for tett bustadbygging tilgjengeleg i kvar bygd
- Bustadområda skal etablerast slik at behovet for transport vert redusert.
- Legg til rette for alternative energikjelder.
- Gjev høve til å etablere naustområde og båt plassar i samband med etablering av bustadområde.
- Utbyggingsavtaler skal sikre etablering av trygg skuleveg i samband med bustadprosjekt.

2. Tilgjengelege friareal

- Det vert fastsett markagrense
- Det vert fastsett ei funksjonell strandsone som vert handheva strengt i høve til etableringar.
- Det vert sett av friområde og bade plassar i nærleiken av bustadområda i kvar grend slik at ein legg til rette for auka trivsel og friluftsliv og samstundes vert behovet for transport redusert.

3. Leggje til rette for næringsareal

- Ha tilgjengelege næringsareal som bidrar til etablering av arbeidsplassar i Sund.
 - Som reduserer pendling og transportbehovet
 - Som er tilrettelagt for bruk av kollektivtrafikk.
- Leggje til rette for utvikling av Lundaneset som lokalitet for ny storhamn for Bergen

4. Ha tilstrekkjelege offentlege områder

- Som sikrar skulane og barnehagane i bygdene utviklingspotensiale.
 - Naudsynt areal i sentrumskjerne for vidare utvikling av skulesenteret
-

- Setje av område til nytt symjeanlegg
- Innarbeide behova i bustadsosial plan i planlagde bustadområde og i offentlege område.

5. Areal for infrastruktur

- Setje av område for ny riksveg gjennom kommunen

6. Utvikle Skogsskiftet til ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum.

- Byggje opp under måla i kommunedelplanen for Skogsskiftet og leggje til rette for god utvikling av kommunesentrumet.

Forslaget til planprogram er lagt fram i planforum, statens og fylkets forum for bistand til kommunane i større planprosessar.

Økonomiske konsekvensar:

Administrasjonen har utarbeidd planprogrammet i eigen regi. Det vil bli naudsynt med ein del fagutgreiingar som til dømes landskapsanalyse, ros-analyse og rettleiar for god byggjeskikk til dømes. Det vil bli gjeve innspel i budsjethandsaminga for 2009 og 2010 for å dekkje desse utgiftene.

Det vil bli krevjande å prioritere tid til å handtere planarbeidet i administrasjonen. Rådmannen må setje av nok ressursar for å sikre ei god handtering av dei ordinære driftsoppgåvene.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre legg forslaget til planprogram for rullering av arealdelen av kommuneplanen ut på høyring i tråd med plan- og bygningslova.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker etter utlegging.

20.10.2008 FORVALTNINGSSTYRET - PLANUTVAL

PU-105/08 Framlegg frå planutvalet (samr.):

Tilrådinga frå administrasjonen vert vedteken.

04.11.2008 KOMMUNESTYRET

Ordføraren gjorde framlegg om følgjande **tilleggspunkt:**

Kommunestyret ber om at statlege og fylkeskommunale mynde vert involvert i planprosessen

på eit tidleg stadium. I planprogrammet må trafikksikring/vatn og avlaup takast med (infrastruktur). Det må takast spesielt omsyn til strandsona.

Tilrådinga m/ordføraren sitt framlegg vart vedteken samrøystes.

K-110/08 Vedtak (samr.):

Sund kommunestyre legg forslaget til planprogram for rullering av arealdelen av kommuneplanen ut på høyring i tråd med plan- og bygningslova.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker etter utlegging.

Kommunestyret ber om at statlege og fylkeskommunale mynde vert involvert i planprosessen på eit tidleg stadium. I planprogrammet må trafikksikring/vatn og avlaup takast med (infrastruktur). Det må takast spesielt omsyn til strandsona.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Saksutgreiing:

Forslaget til planprogram har no lege ut til offentleg høyring i tråd med reglane i Plan- og bygningslova.

Det er komen inn kommentarar og merknadar frå Fylkesmannen, Hordaland Fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Bergen og Omland Havnevesen, Statens vegvesen, Bergen kommune og privatpersonar og organisasjonar.

Hordaland fylkeskommune si høyringsfråsegn tar lenger tid enn dei seks vekene som er sett av til høyringsrunden sidan det no er innført ei rutine med politisk handsaming av slike høyringsfråsegn.

Vurdering:

Administrasjonen sine kommentarar til innkomne merknadar og innspel:

Innspel frå private og organisasjonar:

Alle desse innspela er på ulike nye eller utvida eksisterande arealføremål eller tiltak. Slik administrasjonen vurderer det så er planprogrammet slik det ligg føre dekkande for vidare

handsaming av desse merknadane. Desse innspela vil administrasjonen difor foreslå vert teken med i vurderinga av innspel til arealformål i kommuneplanen sin arealdel. Det er lagt opp til ein runde med invitasjon til slike innspel etter krinsmøta, kontordagane og den formelle høyringsrunden på planen.

Offentlege instansar:

Fylkesmannen i Hordaland:

Uttalar at utkastet til planprogrammet er eit godt grunnlag for gjennomføring av planen. Dei har gjeve ein del gode innspel både til planprogrammet og til det framtidige plandokumentet. Vi kommenterer berre dei elementa som vi oppfattar som mangel i planprogrammet.

- Dei peikar særskilt på at all ny arealbruk skal konsekvensutgreiast. Dette vert lagt inn i planprogrammet slik at det er tydelegare.
- Dei peikar på at dei saknar alternativ- og utbyggingsstrategiar i planprogrammet. Dette vert innarbeidd i pkt 3.1.
- Dei held fram at Marin verneplan er rett rundt hjørna og at det er laga mellombelse retningsliner for dette. Dette vert lagt inn i rammer og premiss for planarbeidet.
- Dei ynskjer at det vert utarbeid støykartlegging langs hovudvegane. Dette blir innarbeidd i kap 3.7 i planprogrammet.
- Dei held fram at temaet "Landskapsark" vert utgreidd i samband med interesser i kommunen. Det vertlagt inn som eit punkt for utgreiing under pkt 3.2 i planprogrammet.
- Det vert heldt fram et Risiko og tryggleiksanalyse bør gjennomførast i samband med konsekvensutgreiingane og at dei tydeleg speglar kva vurdering kommunen har gjort for dei nye arealføremåla.
- Dei peikar vidare på at Helseaspektet må være med i vidare arbeid med kommuneplanen.
- Fylkesmannen viser til gode eksempel til medverknad, særskilt blant born og unge.

Elles viser administrasjonen til vedlagde uttale.

Hordaland Fylkeskommune,

Fylkesutvalet handsama planprogrammet 18/2 -09 og tilrår at planprogrammet vert godkjent med nokre mindre merknader.

Fylkesrådmannen skriv at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for rulleringa av planen og at utfordringar og føremål kjem tydeleg fram. Han held fram at følgjande tema kan bli lagt større vekt på:

- Samordna areal- og transportplanlegging

Dei viser til utfordringane som Bergensregionen har med omsyn til trafikk, næringsareal og befolkningsutvikling. Vi legg dette til under kap 3.7 i planprogrammet.

- Folkehelse

Folkehelse må fokuserast på i planarbeidet. Dette vil bli særskilt fokus på i samfunnsdelen og vi vil synleggjere dette i pkt. 3.4 i planprogrammet.

- Havbruk

Det vert vist til at Hordaland er eit leiande innan havbruk og at dette må leggjast inn som eit satsingsområde. Vi vil innarbeide dette i pkt. 3.5 i planprogrammet.

- Kulturminne

Det vert vist til eit særskilt fokus på kulturminneinteressene. Kommunen har i kap 4 vist til kva utgreiingar som vert lagt opp til i høve til desse interessene. I tillegg bør ein ha særskilt fokus på dette ved nye arealføremål og det kan synleggjerast i kap 3.1.

- Landskap

Det vert vist til erfaringane i prosjektet ”Landskap i kommunal planlegging” som kommunen har vore deltakar i. Det vert peika på at desse erfaringane må synast i planprogrammet. Det går fram av kap 2 og 4 i planprogrammet korleis kommunen har tenkt i høve til dette, men vi kan i tillegg synleggjere det også i kap 3.1.

Elles kjem Hordaland Fylkeskommune med mange gode råd og tips i høve til gjennomføring av planarbeidet med dei satsingsområda kommune har lagt vekt på. Elles viser administrasjonen til vedlagde uttale.

Bergen kommune

Er positiv til at planprogrammet legg opp til auka kapasitet på lokale arbeidsplassar og at det vert lagt opp til styrka kollektivsatsing.

Fiskeridirektoratet

Held fram ein del viktige punkt og interesser frå deira side i høve til planarbeidet og peikar særskilt på at ein bør få til deltaking i prosessen frå akvakulturnæringa.

Kystverket og Bergen og Omland Havnevesen

Held fram ein del viktige punkt og interesser frå deira side i høve til planarbeidet

Statens vegvesen

Viser til at dei skal utarbeide støysonkartlegging og ber om innspel på når dette bør bli ferdig i høve til vår framdriftsplan.

Generelt:

Administrasjonen har gjort mindre endringar i planprogrammet, skriven med raudt, i tråd med vurderingane overfor. Vi vurderer ikkje endringane til å være så store at vi må ha ein ny høyringsrunde på framlegget og legg fram planprogrammet med endringar datert 20/3 -09 fram til endeleg vedtak.

Vi legg inn i planprogrammet ny organisering i tråd med vedtaket i kommunestyret om også rullering av samfunnsdelen. Vi vurderer det slik at planprogrammet også ivaretek dette.

På grunn av seint innkomne høyringsfråsegner blir også framdrifta justert i tråd med dette.

Tilråding til vedtak:

Sund kommune vedtek planprogrammet for rullering av kommuneplanen, revidert 20/3 -09 slik det ligg føre.

30.03.2009 FORVALTNINGSSTYRET - PLANUTVAL

PU-028/09 Framlegg frå planutvalet (samr.):

Tilrådinga vert vedteken.

21.04.2009 KOMMUNESTYRET

Leiar i planutvalet, Kari-Anne Landro, orienterte om saka og vidare planprosess.

Jarle Glesnes, AP, sette fram følgjande framlegg om nytt punkt i planprogrammet under

3.3 Grønstruktur og friområde – Formål: Tilgjengelege friareal:

- o Allemannsretten skal gjelda i heile strandsona innanfor kommunegrensa til Sund kommune.
-

Etter drøfting av realiteten i punktet, vart framlegget *trekt*.

K-029/09 Vedtak (samr.):

Sund kommune vedtek planprogrammet for rullering av kommuneplanen, revidert 20/3 -09 slik det ligg føre.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Saksutgreiing:

Det er no laga nytt framlegg til arealdelen av kommuneplanen for Sund kommune. I tråd med planprogrammet har arbeidet hatt særskilt fokus på følgjande satsingsområde:

Særskilt fokus - Målsettingar – Planprogrammet

1. Bustadområder; Trivsel, ulike bustadtilbod, byggjeskikk, estetikk
2. Kjerneområde kulturlandskap
3. Grønstruktur og friområde; utmarksgrense, strandsone
4. Senterstruktur; Kommunesenter, bygdesenter - kvalitetar
5. Nærings- og industriføremål
6. Offentlege område, skule, barnehage, bustadar, idrett
7. Kommunikasjon, Vegar, parkering, universell utforming
8. ROS
9. Samfunnsdelen – generelle mål og strategiar – visjonar

Arbeidet har vore organisert slik:

- Styringsgruppe
 - Det faste utvalet for plansaker for arealdelen
 - Saksgruppe nærmiljø for samfunnsdelen

Plangruppe:

1 representant frå planutvalet - Kari-Anne Landro (og Kjell Evensen frå hausten 2009) og 1 representant frå sakgruppa - Johan Aarbakke Solaas
Representant for barn og unge.
Prosjektleiari, delprosjektleiari og sekretær administrasjonen

Vi har fordelt arbeidsoppgåvene slik:

- Administrativ gruppe.
 - Drøfting av strategi og arbeidsform. Tidskontroll
 - Utarbeide plankart og føresegner
 - Utarbeide kulturminneregistrering
-

- Utarbeide ROS-analyse
- Politisk/administrativ plangruppe.
 - Arrangere opne møter
 - Heldt kontordagar
 - Synfaring innspel
 - Handsame innspel
 - Heildags arbeidsmøter
- Nytt kart, tekst, bilete.
- Konsulenthjelp for særskilde oppgåver.
 - Landskapsanalyse
 - Retningsliner for estetikk
 - Føresegner

Når det gjeld medverknad har prosessen vore slik::

Bygdamøter: Målsettinga var å skape dialog med innspel, refleksjonar og debatt undervegs

Desse tema vart særskilt lagt vekt på: Landskap , Bygging, Næring og Samfunn

Vi inviterte interesserte til kontordagar der plangruppa var til stades.

- 2 dagar ca 25 avtaler

Heimesidene til kommunen nytta vi slik:

- møtereferat, presentasjonane, dokument

Lokalavisa

- To heilsides oppslag

Saksgruppe næring og utvikling

Utarbeidd behovsanalyse og synfaring på alle aktuelle områder for industri og næring.

Arbeidsgruppe kultur – Rapport kulturminne/-miljø

Ein representant frå kultur ved Hordaland fylkeskommune, representant frå kultur frå Sund kommune, prosjektleiar og delprosjektleiarar.

Planforum


- ved oppstart og før 1. gangs handsaming. Vi fekk gode tilbakemeldingar på planprosessen og nyttige innspel til plandokumenta.

Fagavdelingane i kommunen - Areal, næring, kultur, barn og unge, rådmannen har vore involvert

Etter dei opne møta og kontordagane fekk vi inn ca 130 private innspel

- Byggjeområde, offentlege område, hamn
- Friområde, badeplassar, "Kan"-område
- osv

Industriområde – ca 15 – frå saksgruppa



Plangruppa har i tida etterpå vurdert alle innkomne forslag etter desse kriteria:

Landskapspåverknad:

Sund deltok i prosjektet "Landskap i plan" og har vurdert innspel i høve til nær- og fjernverknad, overordna landskapstrekk, landskapsrom, brattleik, grønstruktur og utmarksgrense

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap:

Utarbeidd i samarbeid med kultureininga i kommunene og fylkeskommunen Vi har nytta opplysningar i Askeladden, Sefrak-registreringane og vurdert lokalt viktige kulturminne, t.d Tyssøykruno og definert lokalt viktige kulturmiljø t.d Bukken, Glesvær, Trellevik og lokalt viktig kulturlandskap t.d Sangolt, Golta, Øvre Børnes osv. Det er laga ein eigen rapport som beskriv dette og områda er registret som omsynssoner i plankartet.

Risiko og sårbarhetsanalyse for nye tiltak:

Alle nye tiltak er vurdert. Akseptkriteria er tilpassa Sund kommune. Det er skilt på menneskeskapt og naturbasert risiko. Det ligg ved ein eigen rapport for dette.

Målsetting: Risikobasert kommuneplanlegging

Estetikk og byggjeskikk:


Eit rammeverk som tar utgangspunkt i det som alt ligg i lovverket.

Målsetting: Rettleiar, heimla i vedtektene til kommuneplanen, Større fokus på byggjeskikk og estetikk.

På sikt: høve til å utarbeida meir detaljerte retnings- liner for byggjeskikk og estetikk

Vurdering:

Etter arbeidet i plangruppa der alle innspel er vurdert opp i mot utvalskriteria så er framlegget frå plangruppa at desse tiltaka skal leggjast inn i planen:



Nye bustadområder – gule på kartet

Tyssøy: 2 områder 27 og 10 da

Lerøy: 41 da

Melkevik: 45 da

Kleppe: 19 da

Forland: 50 da

Hummelsund: 9 daa

Tofterå: 16 da

Toft: 8 daa

Glesnes: 33 da

Selstø: 41 da

Selstø: 6 da

Øvretveit: 5 da

Kårevik: 50 da

Skoge: 130daa

Skoge: 68daa

Nye industriområder – lilla på kartet

Lundaneset: 880 da
Stordalen: 178 da
Forland (Lojal): 49 da
Austefjorden: 284 da
Vorland: 405
Kausland: 50 da
Kausland: 20 da
Porsvika: 25 da

Omsynssone friluftsliv – grønne på kartet:

Lerøy: 199 daa
Pidnaneset: 12 daa
Børnestangen: 301 daa

Gardsturisme:

Lerøy: 49 daa

Offentleg eller privat tenesteyting område – rosa på kartet:

Skule Spilde/Kausland: 68 daa
Gravplass Kausland: 7 daa
Klokkarvik (eks): 10 daa

Idrett:

Motocrossbane: 218 daa

Omsynssone kulturmiljø – skravert på kartet:

Bukken, Buck van Raa
Handelstaden Glesvær
Kvalvågen
Hope
Kyrkjebryggene
Førdesdal
Melkeviksnaustet
Fødestaden til J. Kleppevik
Kleppesjøen – hamna
Håkonsundet
Trelleviksnaustet
Tyrnevika
Hummelsundet
Englebogskjæret
Ferdelsåre Glesvær og Toft
Porsvika – kulturminner
Langhuset på Golta
Goltasundet
Telavåg – gamal gravplass
Telavåg – øydegard
Telavåg – Selstøbuene

Telavåg – minner etter krigen
Hummerparkane
Tyssøy – kapellet
Tyssøykruna
Gravplass Lerøy
Hella – Skogsvåg
Døscherholmen

Omsynssone landskap – skravert på kartet:

Nye byggverk skal lokaliserast og utformast på den enkelte tomte slik at dei underordnar seg landskapet ved ikkje å bryte horisonten sett frå omsynssonene og ved å vere tilpassa terrenget. Ved gjennomføring av tiltak skal ein utføre kartlegging av naturtypar innafor den omsynssona som vert råka.

Skogsvåg
Lerøy
Bjelkarøy (over)
Fenedalen
Håkonsundet
Forland
Vorland
Høylandsdalen
Toftarøyna mot Døcherholmen t.v
Tofterøy, Risvika t.h
Spilda
Golta
Telavåg sør

Omsynssone Landbruk (Tidlegare kjerneområde) – skravert på kartet

Nye områder:

Sele 43 daa
Hummelsund 30 daa
Tofterå/Toft 130 daa
Berge 47 daa

Endringar i eksisterande omsynsonar har ført til eit tillegg på 3487 daa

Naustområder:

Lerøy
Børnes
Børnestangen vest

Forland
Glesnes (Ådnavika)
Kvalvågen
Skaganeset
Hope

Småbåthammer:

Tyssøy
Børnestangen vest
Forland
Kårevik (bustadfeltet)
Gjestebrygge Nord-
sjøfartsmuseet

Føresegner – nye vilkår:

I arbeidet med nye føresegner er det særskilt desse områda vi har hatt fokus på:

- Utbyggingsavtaler
- Rekkefølgekav
- Byggjegrense mot sjø og vassdrag
- Universell utforming
- Estetikk/natur/landskap/grønstruktur
- Bevaring av viktige kulturminne

Vedlagt planen ligg framlegg til nye føresegner for arealdelen til kommuneplanen. Det blir sendt ut ROS-analyse, Kulturmiljørapport og konsekvensutgreiing – generell del.

Retningsliner for estetikk, rapport for landskap og rapport for næringsareal vert lagt ut på kommunen sine nettsider.

Tilråding til vedtak:

Sund kommune legg framlegget til ny kommuneplan med føresegner og temaplanar ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

24.01.2011 FORVALTNINGSSTYRET - PLANUTVAL

Leiar og sakshandsamar orienterte om framlegget frå arbeidsgruppa.

Etter drøftinga i planutvalet, vert desse endringane lagt inn før saka går til kommunestyret:

- Omsynssone kulturmiljø – tillegg: Vorlandsvatnet
 - Vegtrase ny Tofterøybru
 - Krav til parkering småbåtanlegg (pkt. 3.5 i føresegnene)
-

PU-012/11 Framlegg frå planutvalet (samr.):

Tilrådinga frå administrasjonen vert vedteken.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Saksutgreiing:

Rulleringa av kommuneplanen har denne gongen i hovudsak vore konsentrert om arealdelen. Samfunnsdelen av planen har berre gjennomgått mindre endringar i høve til fungerande plan. Desse endringane er gjort for å gjere planen meir på høgde med utviklingstrekk i kommunen og delplanar som er utvikla dei siste åra. Såleis har nokre av dei tema som har overskrifta hovudretningsliner fått ny tekst. Tema som har fått meir plass i denne rulleringa av planen er folkehelse og samfunnstryggleik og beredskap.

Vurdering:

Samfunnsdelen av planen kunne vore meir omfangsrik og hatt ein meir omfattande gjennomgang av viktige tema enn det som det vert lagt opp til ved denne rulleringa. Det gjeld fleire av dei tema som kort er omtala under overskrifta hovudretningsliner.

Kommunestyret bør vurdere om dei ynskjer ein breiare og meir omfangsrik samfunnsdel av kommuneplanen ved neste hovudrevisjon som er i 2014.

Saksgruppe levekår og nærmiljø handsamar saka på ekstramøte 02. februar. Deira tilråding vert lagt fram på kommunestyremøtet.

Tilråding til vedtak:

Sund kommune legg framlegget til ny kommuneplan med føresegner og temaplanar ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

02.02.2011 SAKSGRUPPE LEVEKÅR OG NÆRMILJØ

Samfunnsdelen vart gjennomgått og drøfta.

Saksgruppa ynskte endringar i utkastet punkt 5 Folkehelse og pkt. 9 Eldre.
Saksgruppa sitt endringsframlegg følgjer saka til kommunestyret.

SLN-002/11 Vedtak:

Saksgruppe levekår og nærmiljø sluttar seg til framlegget til samfunnsdel, med dei endringar som framgår av vedlegg til møteboka.

08.02.2011 KOMMUNESTYRET

Einar Jacobsen og Nils Kåre Skoge tok opp spørsmålet om ugildskap som grunneigarar i kommunen. Kommunestyret fann ikkje grunnlag for ugildskap.

Leiar i planutvalet, Kari-Anne Landro, orienterte om planprosessen og arealdelen.

Ordføraren orienterte om saksgruppe levekår og nærmiljø sitt endringsframlegg til samfunnsdelen, som var utlagt på møtet.

Kommunalsjef Jon Erik Egeland orienterte om samfunnsdelen (tekstdelen).

Det kom fram merknader om at denne delen må få ei grundig gjennomarbeiding fram til endeleg handsaming av planen.

K-005/11 Vedtak (samr.):

Sund kommune legg framlegget til ny kommuneplan med føresegner og temaplanar ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Saksutgreiing:

I samsvar med reglane i plan og bygningslova har planen no lagt ute til offentleg høyring. Høyringsfristen til planen var 4. april d.å. Følgjande merknadar kom inn og dei er handsama av plangruppa:

Nr	Avs/mottaker	JournalpostID	Gnr	Bnr	Merknader	Plangruppa si vurdering
273	Norconsult AS Bergen	20110 03726	9	1 og6	Ynskjer å endre område frå LNF til bustadføremål	Det er ikkje rom for å kome med ny innspel i høyringsfasen - og søkjar må fremje søknaden på nytt ved neste planrullering.
270	B.Telle Eigedom AS	20110 03710	5		Ber om å endre formål frå offentleg føremål til bustadområde i tråd med reguleringplanen	Innspelet vert teken til følge - reguleringsplanen er styrande for arealbruken
269	B.Telles Trearbeid AS	20110 03707	15	3	Innspel på nytt om utviding av bustadområde og tilkomstveg	Innspelet var vurdert før utlegging og vi ser ikkje at det er komen inn nye moment i saka. Det blir vurdert til å være tilstrekkeleg tilgjengeleg bustadareal i krinsen i neste planperiode.

268	B.Telles Trearbeid AS	20110 03706	33	215		Det er ikkje rom for å kome med ny innspel i høyringsfasen - og søkjar må fremje søknaden på nytt ved neste planrullering.
267	Charles Monsen	20110 03648	36	32	Ynskjer å endre område frå LNF til bustadføremål	Endring av arealformål var synfart og vurdert før utlegging og vi ser ikkje at det er komen inn nye moment i saka som ikkje var kjent for plangruppe. Søkjar hadde ikkje innspel på dette i innspelsfasen. Søkjar bør sende inn innspel til neste planrullering.
266	Forland Sameiet	20110 03643	15	2	Har merknad til omgjerung frå LNFR til område for spreidd busetnad	Forvaltninga av omsynssone landbruk vs kjerneområde er tilnerma lik. Intensjonen med sikring av vatnet vil adm helda fast på. Ein generell gjennomgang av omsynssone landbruk vil bli gjort.
265	Sund Hjortevald	20110 03642			Ynskjer å endre område frå LNFR til område for spreidd busetnad. Merknadar til arealformål ved Ortadammen	Ei konsekvensanalyse vedk utbygging av Stordalen vil ta opp problemstillinga. Utbygginga i Hammersland - Skogsvåg var vurdert i kdpl Skogsskiftet. Kan vurderast i samband med reguleringsplan i området.
264	Sund Senterpar ti	20110 03641			Konflikt med kjerneområde hjort vs industriområde i Stordalen. Merknad vedk byggeområde Hammersland - Skogsvåg.	Det er teikna inn omsynssone - men kartet kan være vanskeleg å lese pga formatet
263	Ivar Arne Forland	20110 03640	15		Merknad vedk kart/føresegner om Vorlandsvasdraget	
262	Esther Valskog	20110 03639			Merknad om at to av holmane i Forlandsvågen er sett av til friluftsføremål. Meinat badevika på vestsida ikkje vert brukt	Merknaden vil bli handsama i samband med kravet om å utarbeide områdeplan for vågen. Adm meiner at badevika som her er sett av er mykje brukt og vi har fått innspel frå andre som stadfestar dette.
261	Gunnar og Herborg Fjell	20110 03638	33		Ynskjer ikkje at områder sett av til LNFR blir omgjort til områder for bustadområde, spreidd bygging.	Områder for spreidd bustadbygging er i hovudsak vidareført frå tidlegare plan. Det er lagt inn eit nytt LNF-spreidd område på om lag 30 daa.Når det gjeld nytt bustadområde så er dette flytta frå område ved skulen og kapasiteten vert ikkje auka.
					Merknad vedk registrering av gamal ferdelsveg som kulturmiljø	Adm har vurdert merknaden og vil ikkje tilrå endring.

260	Gunnar og Herborg Fjell	20110 03636	33	115	Merknad vedk reduksjon av område for spreidd busetnad på tomte deira og at dei ynskjer å omdefinere den til bustadområde	Reduksjonen av Inf-kan området er vurdert i høve til landskapsverknad og plangruppa vil tilrå ei justering av grensa i høve til hagen. Omgjering må søkjar sende inn framlegg om ved neste rullering.
259	Gunnar og Herborg Fjell	20110 03635	33		Ber om at Englebogen vert sett av til område for spreidd naustbygging	Her er det med ein feil ikkje sett av område for spreidd naustbygging og vi tilrår å endre planutkastet.
258	Torbjørge Ordahl Bakke	20110 03616			Savnar markering av kolerakyrkjegarden på Klokkekarvik i planen.	Den visar som omsynssone i plankartet men det må kommenterast også i delrapporten.
257	Sverre Sangolt	20110 03614	48	10		
256	Elisabeth Toft	20110 03608	22	36	Viser til tidlegare innsendte kommentarar og held fram at tidlegare LNF-K område er omgjort til LNFR.	Plangruppa har vurdert innspela til søkjar tidlegare og adm har ikkje grunnlag til å tilrå endringar. Når Det gjeld omgjerung av LNF-K område så vil adm gå igjennom dette på generelt grunnlag. Når Det gjeld omgjerung av LNF-K område så vil adm gå igjennom dette på generelt grunnlag. Nausttomta ligg i område for spreidd naustbygging. Når det gjeld storleik på naust så vil ikkje adm tilrå endringar. Nausttomta ligg i område for spreidd naustbygging
255	Jarl Toft	20110 03607	22	37	Ber om at tomte vert vidareført som LNFR med høve til spreidd bustadbygging. Kommentatarar i høve til storleik på naust	Når det gjeld storleik på naust så vil ikkje adm tilrå endringar
254	Toft Mesterrør	20110 03606			Komentatarar til kommunedelplanen for Skogsskiftet	Handsama og godkjent plan for Skogsskiftet. Det er ikkje aktuelt med flytting av industriområdet utan at aktorene sjølv har behov for det.
253	Jan Telle	20110 03595	11	167		
252	Ingmar og Anita Aune	20110 03583	1	25, 20, 79	Merknad om storleik på nausttomt. Ynskjer å endre arealformål frå LNFR til område for spreidd bustadbygging.	Grensene i kommuneplanen er ikkje presis så innspelet vil bli handsama konkret i ei byggesak. Adm har vurdert merknaden og vil ikkje tilrå endring av landskapsomsyn. .
251	Grunneigalaget på Sangolt	20110 03582			Merknadar i samband med industrietablering.	Adm har vurdert merknaden og vil ikkje tilrå endring. Området er foreslått av saksgruppe Næring. Området vil bli utgreia i samband med evt konsekvensutgreiing.

250	Kenneth Sangolt	20110 03580			Byggjeområdet på eigedommen vart vurdert av plangruppa å være for eksponert og vert ikkje imøtekomme av landskapsomsyn, men plangruppa vil tilrå mindre endringar i plangrensene.
248	Siri Øvretveit	20110 03563			Byggjeområdet vart vurdert av plangruppa for eksponert i høve til landskapsomsyn og at det låg føre unytta område like ved og adm vil ikkje endringar.
247	Magne Johannes Trellevik	20110 03562	21	2	Byggjegrensa bør flyttast i samsvar med reguleringsforslag. Dei øvrige merknadane er handsama tidlegare og adm vil ikkje tilrå endringar. Nye framlegg må sendst inn ved neste rullering av kommuneplanen
246	6 avsendere ...	20110 03560			Ein områdeplan vil avklare dei problemstillingane som blir løfta fram og vil bli avgjerande for framtidig arealbruk. Det er stor kapasitet for marina i vågen og det føreligg fleire planar om dette.
245	Kjell Arne Sangolt	20110 03528			Plangruppa har vurdert innspelet til søkjar tidlegare og adm har ikkje grunnlag til å tilrå endringar. Plasseringa var vurdert og endra med grunngjeving i ei naturleg vidareføring av etablert bustadområde og landskapsomsyn. Plangruppa vil flytte området i tråd med merknaden.
243	Terje Limevåg	20110 03525			Reiselivssatsinga er basert på strategisk næringsplan. Det er sett av store områder i Klokkarvik til bygging - både regulerte felt og langs med hovudvegane utanom regulerte felt. Adm vurderer det som god kapasitet til fortetting. Ei evt. småbåthamn må regulerast og det vil bli høve til å gje innspel til denne
242	Norconsult AS	20110 03524			Sjå 273
241	Knut Eivind Nygård	20110 03523			Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring.

Merknad til at ikkje innspelet deira til byggjeområde var imøtekomen.

Merknad til at ikkje innspelet deira til byggjeområde var imøtekomen.

Merknad til at ikkje innspelet deira til byggjeområde var imøtekomen. Kommenterarar i høve til byggjegrense til sjø. Innspel til ny arealbruk.

Merknadar i høve til naustbygging på holmane med omsyn til friluftsliv, fauna og trafikktilhøve.

Merknad i høve til plassering av område for spreidd bustadområde. Flytta i høve til hans innspel.

Merknad om satsing på reiseliv. Kommenterarar i høve til fortetting i Klokkarvik. Merknad når det gjeld hamn i Limevågen. Positiv i høve til bevaring av kyrkjebrygger og evt. naust.

240	Advokatfirmaet Thommessen AS, for Kørelen Grunneigalag	20110 03522			Merknaden går ut på at bandlegginga av nedslagsfeltet for drikkevannet Kørelen er uheimla, samt at dei tekniske løysingane vassverket har oppfyller krava i drikkevannsforskrifta kva angår sikkerheit for prod. av reint drikkevann.	Merknaden vart opphavleg sendt til førre rullering og ein del at problemstillingane er ikkje aktuelle for denne planen. Det er i ny plan lagt inn omsynssone etter § 11-8, bokstav a som er rett heimel for sikring av drikkevasskjelder.
239	Grunneigarar på Nipa	20110 03511			Området mellom byggjegrænse mot sjø og til sjø er endra frå LNF-kan til LNF. Merknaden er ei klage på dette, då det alt er bebygd med naust og nokre bustadhus. Eit av nausta i området skal være med i pilotprosjektet ny næring i gamel naust, og ein meiner	Skal vi vurderer å endre frå LNF til LNF, der spreidd naustbygging er tillete? Ja med kvote
238	Oskar Selstø	20110 03484	36	15	Ønsker å få omgjort LNF område til LNF område der spreidd bustadbygging er tillete sør for "Håvarden" på Selstø. Peikar på at to andre innspel i området er imøtekome.	Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Området ligg isolert til utan kontakt med bygda. Selstø elles er sett av til LNF-K og det er høve til bygging der.
237	Glesnesbygda	20110 03435			Visar til tidlegare innspel om bustadområde ved Goltavegen. Dei ynskjer større kapasitet på byggeområde på Glesnes. Dei hevdar planen er lite visjonær på dette området. Dei er nøgd med at det er sett av naustområde i Goltasundet	Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Det var vurdert som tilstrekkeleg kapasitet for byggeområde i denne perioden og at området ligg isolert til utan kontakt med bygda.

236 Mikal P. 20110 30 6
Vorland 03427

Viser til tidlegare innspel til planen vedk endringar i bustadområde på bnr 65 og 66. Han held vidare fram at vorlandsvassdraget må sikrast som vasstkjelde for kraftproduksjon og ber om ei ny vurdering av industriområdet.

Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Vorlandsvassdraget er sett av som omsynssone kulturmiljø og adm vil ikkje tilrå endring. Ein konsekvensutgreiing i samband med regulering av industriområdet vil avklare problemstillingar i høve til uheldig samlokalisering med bygda..

235 Eidesjøen 20110
Grendalag 03424

Grendalaget har merknadar vedk utviding av industriområdet i Porsvika med tanke på trafikkauke, og dei knyter etablering av nye bustadfelt opp i mot vidareføring av skulen og avklaring av ny veg til Glesnes/Telavåg, merknadar i høve til industrietablering på Vorland, manglande naust/båtplassar i krinsen, badevik, Inf-områder, kulturminner og skulestruktur.

Vedk. trafikksikring så er det starta planlegging av trafikktryggleik av vegen mellom Eide og Spildepollen. Adm vil tilrå at badevika blir registrert som friluftsområde. Heile Eidespollen er sett av til småbåthamn så det er eit stort potensiale å utvikle dette gjennom plan. Når det gjeld talet på bygging i LNF-kan områda så er dette basert på erfaringstal så adm vil ikkje tilrå endring. Når det gjeld skulestruktur ber vi saksgruppe levekår vurdere dette. Når det gjeld industrifeltet si påverknad på miljøet vil dette bli avklart gjennom ei konsekvensutgreiing. Når det gjeld kulturminner så vil planen bli utvida ved neste rullering. Det er truleg mange områder som bør vurderast.

233 7 20110
avsendere 03403
...

Visar til tidlegare innspel om bustadområde ved Goltavegen. Dei ynskjer større kapasitet på byggeområde på Glesnes. Dei hevdar planen er lite visjonær på dette området. Dei er nøgd med at det er sett av naustområde i Goltasundet

Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Det var vurdert som tilstrekkeleg kapasitet for byggeområde i denne perioden og at området ligg isolert til utan kontakt med bygda.

232	Jostein og Ivar Nausthell er	20110 03397	12	36		Adm vurderer det slik at formåla i kommuneplanen ikkje definerer eigedomsgrenser. Føresegnene opnar for ei vurdering i kvart særskilt tilfelle der tomtane ligg i fleire arealføremål. Her er det teke omsyn til passasje for ålmenta.
231	Trygve Nipen	20110 03356	40	1 og 53	Merknad på storleiken av ein einskildtomt på Høyland Han ynskjer å utvikle båthavn i området. Han ynskjer å setje av området på land til fritids- og turistformål.	Adm vurderer det slik at det er høve til å etablere båthavn med foreslåtte arealformål. Når det gjeld å arealbruken på land så vil adm tilrå at den blir endra til fritids- og turistformål
230	Kørelen grunneiga rlag	20110 03322			Protesterer på byggjegrensa langs Kørelen og restriksjonar i nedslagsfeltet og ber om vedtak på at Kørelen skal vera drikkevasskjelde for Søre Fjell.	Byggjegrensa er lik tidlegare funksjonell standsone og er heimla i plan og bygningslova. Når det gjeld konsekvensar av evt restriksjonar i nedslagsfeltet så vil dette bli handsama i samband med evt sak om klausulering. Når det gjeld vasskjelde for Søre Fjell så er vatnen i dag i bruk både til Hagenes og Trengereid/Kallestad - ref hovudplan for Vassforsyning.
229	Olai Vorland	20110 03321	4	4 og 16	Merknaden er i høve til hans tidlegare innspel om å setje av nytt byggeområde	Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Vi vil tilrå at søkjar fremjar det endra innspelet til neste rullering av kommuneplanen.
227	Svein Atle Vorland	20110 03319	30	5	Merknaden er i høve til hans tidlegare innspel om å setje av nytt byggeområde. Nytt forslag til byggjegrense mot sjø.	Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Vi vil tilrå at søkjar fremjar det endra innspelet til neste rullering av kommuneplanen. Adm vil ikkje tilrå endring i byggjegrensa med grunngeving i landskapsomsyn - bratt skråning ned mot sjøen med stor fjernverknad.

226	Ivar Venjum og Gerd Hummelsun d	20110 03318	17	18	Merknad om arealføremål og friluftstområdet i Nesjavika.	Arealføremåla er vidareført i frå eksisterande plan utan endringar. Vi vil tilrå at søkjar fremjar innspelet om endring til neste rulling av kommuneplanen
225	3 avsendere ...	20110 03256			Ber om at Englebogen vert sett av til område for spreidd naustbygging	Her er det med ein feil ikkje sett av område for spreidd naustbygging og vi tilrår å endre planutkastet.
224	Morten Mortensen	20110 03255	33	94	Merknad om grense mellom LNF-kan og LNFR/byggjegrense	Reduksjonen av Inf-kan området er vurdert i høve til landskapsverknad og plangruppa vil tilrå mindre endring i plangrensa..
223	NEAS ASA	20110 03254	1	49 og 50	Ynskjer å endre føremåla på tomtane til LNF-kan. Deler av tomtane er i omsynssone landbruk.	Adm vurderer det slik at i dette området er det viktig å ta landskapsomsyn ved nybygging og arealformålet tek høgdom for dette. Plangruppa vil tilrå ei mindre justering av plangrensa.
222	Kjell Toft	20110 03171	25	3	Foreslår endring av plasseringa av byggeområdet ved vegen til Døskerholmen.	Plangruppa har vurdert innspelet med omsyn til terrengtilpassing tidlegare og grunngeve det og adm vil ikkje tilrå endring.
221	Torolf Hetlevik	20110 03169	19		Ber om å flytte byggjegrensa i landskapsvernområdet på Vardøy.	Plangruppa har vurdert innspelet og viser til at området er regulert og ber søkjar framje forslaget som ei reguleringsendring. Reguleringsplanar overstyrer kommuneplanen i slike tilfelle.
220	John Magne Sangolt	20110 03148			Ynskjer å endre område frå LNF til bustadføremål	Dette innspelet var handama i samband med kdpl Skogsskiftet - og plangruppa ber søkjar å framje forslaget som ending av kommunedelplanen.
216	Arvid Lerøy	20110 03018			Reflekterer rundt kommuneplanlegginga i Sund generelt og Lerøy spesielt	Adm har ikkje noko kommentar til innspelet. Grunngevinga for å avslå forslaget var landskapsomsyn.

215	Sund Venstre	20110 03017							Når det gjeld talet på bygging i LNF-kan områda så er dette basert på erfaringstal så adm vil ikkje tilrå endring. Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Det var vurdert som tilstrekkeleg kapasitet for byggeområde i denne perioden og at området ligg isolert til utan kontakt med bygda.
214	Inge Kr. Golten / Arne Golten	20110 03016	34	2					Merknad til omfanget av bygging i LNF-K område og støttar innspel om bustadfelt på Glesnes
									Ber om at byggjegrensa vert justert og tilpassa terrenget for å gje plass til eit bustadhus
212	Ingebrigt sen Kausland	20110 02888							Presisjonsnivået på grensene i kommuneplanen er omtrentlege og ei plassering av bustaden kan vurderast i høve til dette etter ein konkret søknad.
									Plangruppa har vurdert problemsittinga tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Det er behov for å setje krav til type verksemd, estetikk, støydemping og liknande i reguleringsplanprosessen. Plangruppa vil ta ei synfaring for å vurdere grensene.
211	Johannes Baug	20110 02836							Reflekterer rundt kommuneplanlegginga i Sund generelt og Kausland spesielt. Han foreslår å utvide industriområdet nordover i staden for vestover.
									Plangruppa har vurdert problemsittinga tidlegare og grunngjeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Området var tidlegare sett av til LNF - område. Det er stort behov for friluftsområder i området og etter vår oppfatning mykje brukt..
210	Plan Vest Bergen AS	20110 02774							Ber om at omsynssone friluftsliv på Lerøy vert fjerna frå hans eigeidom.
									Byggeområdet vart vurdert av plangruppa der konklusjonen var at kapasiteten i nærområdet til unytta bustadområder var stor nok og adm vil ikkje tilrå endringar i denne planperioden.
									Merknaden er i høve til tidlegare innspel om å setje av nytt byggeområde

209	Kjell Inge Eide	20110 02605	Ein er negativ til føreslått plassering av motorkrossbane grunna støyproblematikk, omsyn til friluftssinterresser, hjortetråkk, beiteland, kulturbeite, jaktområde og torvteigar.	Saksgruppe næring ønskjer å leggje til rette for industri og motokrossbane i området Eide - Vorland. Kommunen vil få gjennomført ei støymåling/vurdering mtp motokrossbana. Momenta i innspelet som ikkje er tilstrekkeleg vurdert i konsekvensutgreiinga vil verte vurderte.
208	Kjell Inge Eide	20110 02530	Sjå innspelnr. 605 (dobbelregistrering)	
207	Olai Vorland	20110 02241	Viser til sitt innspel og bed om at ein utvidar området ca 60 - 70 meter lenger syd, då dette vil gje plass til ein eller to solrike bustadtomtar.	Plangruppa har vurdert innspelet tidlegare og har trekt grensa i sør av landskapsmessige omsyn. Adm vil ikkje tilrå endring.
206	Trygve Nipen	20110 02240	Eit nytt innspel som gjeld nausttomt der det har vore naust tidlegare, men vart rive då det stod i fare for å rase i sjøen. Ønskjer å få tomten inn som LNF - N slik at det er mogeleg å byggje opp att naustet.	Det er ikkje rom for å kome med ny innspel i høyringsfasen - og søkjar må fremje søknaden på nytt ved neste planrullering. Tiltaket kan også meldast som dispensasjonssak.
205		20110 02172		
204	Sverre Bungum	20110 01993	Savnar markering av kolerakyrkjegarden på Klokkekarvik i planen. Bed om at kommunen får den fagleg vurdert med råd om korleis den kan takast vare på.	Den er lagt inn som omsynssone i plankartet, men det må kommenterast også i delrapporten.
203	Anders Eivind Toft	20110 01895	Viser til innspelsnr. 161 der han foreslår bustadbygging på gnr 25 bnr 1. Han kan ikkje sjå at innspelet er handsama og bed om at det vert handsama/teke med i endeleg forslag til kommuneplan.	Brevet er motteke her 30.03.2010, medan fristen for å kome med innspel var i september 2009. Innspel som er kome inn så lenge etter fristen har ikkje vore handsama. Det er ikkje rom for å kome med nye innspel i høyringsfasen - og søkjar må fremje søknaden på nytt ved neste planrullering.

202	Odny Solsvik	20110 01592	15	6	Ber om å få endre formålet der tilkomstvegen til området for spreidd busetnad på deira eigedom kjem til byggjeområde for å unngå disp-søknad.	Adm viser til at grensene i kommuneplanen er rettleiande og det vil være mogleg å vurdere ein konkret vegsøknad i samband med utvikling av området.
201	Rune Heggernes og Berit Marie Storheim	20110 01841	4	41	Merknad om grense mellom LNF-kan og LNFR/byggjegrænse	Grensene i kommuneplanen er ikkje presis så innspelet vil bli handsama konkret i ei byggesak. Det er også rom for tiltak på tomtane i LNFR område når det er bebygd frå før.
200	Walter Olsen og Asbjørn Støldal	20110 01839			Merknad til industriområdet på Lundaneset. Ynskjer at området vert nytta til bustadområde.	Plangruppa har vurdert problemsittinga tidlegare og grunngeve det og adm vil ikkje tilrå endring. Det er behov for å setje krav til type verksemd, estetikk, støydemping og liknande i reguleringsplanprosessen.
	Atle Kårevik	20110 03773			Har merknad til eit innspel frå grendalaget til kommuneplanen om badevik i Eide	Adm vil tilrå at badevika blir registrert som friluftsområde. Badeplassen er mykje brukt at nærmiljøet.
	Berit og Øystein Pedersen	20110 03772			Ynskjer å utvide LNF-kan området på Selstø nordover	Det er ikkje rom for å kome med ny innspel i høyringsfasen - og søkjar må fremje søknaden på nytt ved neste planrullering.

213	Statens Vegvesen	20110 02933	<p>Trafikksikringsplanen skal vera ein del av kommuneplanen. Dei set krav om 50 m byggjegrænse langs fv 555, 198 og 153. Det vert sett 30 m grænse på dei øvrige fv. Dei held fram at byggjeområde på Selstø langs fv ligg ved raud støysone. Rammeplan for avkøyringar skal liggje til grunn i føresegnene til kommuneplanen. Dei er restriktiv i høve til å godkjenne ny avkøyringar i LNF-kan områda. Peikar på at plankartet kan vise krav til gang/sykkelveg i samband med nye bustadfelt. Dei peikar også på at det bør tilstrebast planfri overgang av hovudvegen ved planlegging av nye bustadområder o.l. der det er aktuelt. Dei har merknadar i høve til at nytt industriområde på Vorland og Austefjorden blir delt av ny hovudveg sørover. Dei ynskjer ei ny vurdering av arealet på desse. Det vert kommentert at vi har lagt ut område for spreidd industriutbygging som er spesielt. Dei ber om at dei fleste områda som er sett av til spreidd bygging bør knytast til nærliggjande bustadområder med krav til regulering.</p>	<p>Vi viser til gjeldande trafikksikringsplan og har som målsetting å rullere denne i neste valperiode. Vi må vurdere støytilhøva for det nye bustadfeltet på Selstø mot krava til støysoner. Det vert innarbeidd i føresegnene punktet vedk rammeløyver for avkøyringar. Adm vil ikkje tilrå å endre arealet til industriområdet på Vorland men området ved Austefjorden kan justerast i trå med merknaden. Vi kan ikkje sjå at vi har sett av område til spreidd industriutbygging. Når det gjeld områder for spreidd bygging så kan kommunen kreve reguleringsplan for større tiltak i desse område og då vil SV handsame avkøyringsproblematikken.</p>
218	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	20110 03110	<p>Ber om at det i planen vert sett krav om deira vurdering av planar og einskildtiltak i og nær sjø</p>	<p>Adm vil tilrå at merknaden blir teken til følge i samband med planar og større tiltak.</p>
219	Rådet for funksjons hemma	20110 03145	<p>Ingen vesentlege merknadar</p>	
228	Bergen kommune	20110 03320	<p>Stort sett positiv til planen med nokre mindre merknadar, friluftsområder m.m. God balanse mellom næring og bustadområder. Lite fokus på kollektivtrafikk.</p>	<p>Friluftsområdene er merka i plankartet. Elles blir merknadane teken til etterretning.</p>
272	BKK Nett AS	20110 03725	<p>Ingen vesentlege merknadar</p>	<p>Tilstrekkeleg kapasitet i nettet til planlagde tiltak</p>

271	Fiskeridirektoratet Region Vest	20110 03711	Har flere kommentarer til planframlegget der dei viktigaste etter vår vurdering er at områda for akvakultur er små "frimerkeplanlegging" og at det er høve til å planlegge i fleire lag på same lokalitet, overflate, vassøyle og botn. Nokre kommentarer i høve til symbolbruken.	Kart og føresegner bør rettast opp i høve til merknadane. Når det gjeld dei øvrige merknadane så vil adm tilrå at desse vert innarbeidd med neste rullering av planen.
249	SU/FAU Sund Skule	20110 03579	Her er merknadane i hovudsak til samfunnsdelen	Vert oversendt saksgruppe nærmiljø for vurdering.
277	Bergen og Omland Havnevesen	20110 03898	Mindre merknadar til føresegnene knytt til handsaming av tiltak i sjø	Merknadane kan innarbeidast i føresegnene. .

244	Statens Kartverk Bergen	20110 03527		Førespurnad om sosi-data	Kurant
234	Pollen Skule	20110 03423	Her er merknadane i hovudsak til samfunnsdelen		Vert oversendt saksgruppe nærmiljø for vurdering.
217	Saksgruppene næring	20110 03039	Har kommentarer til KDPL skogsskiftet og setje av areal til parker og reis løysing		KDPL legg til rette for dei merknadane saksgruppa kjem med. Når det gjeld Parker og reis - løysing må dette innarbeidast i kommunedelplanen.
	Eldrerådet Forsvarsbygg		Her er merknadane i hovudsak til samfunnsdelen		Vert oversendt saksgruppe nærmiljø for vurdering.
			Vil ha inn skytefeltet i Korsfjorden og det kan takast bort sikringsfeltet i Lerøyosen. Skytefeltet i Korsfjorden føl strandlina.		Dette er ei kurant endring som kan innarbeidast i plankartet.

Hordaland
fylkeskom
mune

Kommuneplanen har gode føresetnader for å ta omsyn til den venta veksten.

Landskapsanalysen og estetikk- og arkitekturrettleiaren og kartlegginga av kjerneområde landbruk og funksjonell strandsone gjev føringar for korleis ein skal ta vare på verdifulle område sjølv om det er, eller kan bli eit press på areala.

Klimaplanen er òg eit godt tiltak for å møte kommande utfordringar knytt til både klima og folkeauke. Det blir gjort framlegg om å gå til motsegn til følgjande punkt:

- Manglande konsekvensutgreiing for enkelte utbyggingsområde. Dette inneber motsegn mot:
 - o Alle framtidige akvakulturområde
 - o Alle framtidige forretningsområde
- Manglande vurdering av moglegheiter for fortetting av bustadområde
- Manglande byggjegrænse mot fylkesvegane.
- Manglande føresegn om oversending av byggjesaker til kulturminnemynde
- Omfanget av nye areal for naust
- Arealføremåla B1 Tyssøy, B2 Tyssøy, B3 Lerøy, B7 Hummelsund, Øvre Golta (LNF-spreitt), Naust 7 Forland, Næring 1 Lundaneset, Næring 2 Austerfjorden og Næring 8 Stordalen.

Har hatt møte med fylkeskommunen.

276 Fylkesman 20110
nen i 03794
Hordaland

Sund kommune har lagt fram utkast til ny samfunns- og arealdel til kommuneplanen for offentlig ettersyn. Fylkesmannen har både rosande og kritiske merknader til planen.

Har hatt møte med fylkesmannen

Fylkesmannen er spesielt kritisk til dei store næringsareala ved sjø som er lagt ut i planen. Sund kommune har frå før om lag 500 dekar næringsareal. I ny plan ønskjer kommunen å leggje ut over 2000 dekar nytt næringsareal, det meste knytt til sjø. Fylkesmannen er kritisk både til lokalisering, omfang og dokumentasjon av behov knytt til desse store næringsområda.

Kommuneplan for Sund inneheld samfunnsdel, arealdel og energi – og klimaplan. Samfunnsdelen er hovudsakleg vidareført frå gjeldande kommuneplan og er lite forpliktande.

Energi- og klimaplan

Det er positivt at kommunen har utarbeidd energi- og klimaplan. Den er kortfatta og lettlest, men tiltaka burde vore meir konkretisert gjennom tidfesting og kostnadsrekning.

Landskapsanalyse

Det er utarbeidd ein eigen landskapsanalyse for kommunen, rettleiar om *Estetikk og byggjeskikk i plan- og byggjesaker* samt delrapport om *Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Sund kommune*. Dette er ei svært god kunnskapsheving om landskapstemaet i kommuneplanen i samsvar med §3-1.b) i plan- og bygningslova som trekker fram oppgåva med å *sikre jordressursene, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer*. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at dette materialet er godt nok innarbeidd i planen.

Motsegn

Arealdelen har klare overordna føringar for arealbruk, men det konkrete planframlegget følgjer ikkje konsekvent opp desse føringane. Planframlegget er særleg konfliktfullt i høve til landskapsomsyn, naturmangfald og strandsona. Det er difor fremja motsegn til fleire område som er i strid med desse omsyna.

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik er ikkje handtert tilfredsstillande i høve til akseptkriteria og føresegnene. Handtering av prinsippa i naturmangfaldlova må gå fram av planen. Føresegnene må ivareta dyrka mark i høve til vegframføring.

Kjerneområdekartlegging set landbruksareala i fokus

Landbruksareala i kommunen er godt ivareteke i planen. Det blir bygd ned lite dyrka mark, og det er eit godt grep at kjerneområda for landbruk er lagt inn i planen som omsynsoner.

Det er knytt motsegn til desse konkrete tiltaka:

B1, Tyssøy, B7
Hummelsund, B8 Tofterå,
Eldrebustader i
Telavåg, Industriområder: N1
Lundaneset, N8 Stordalen,
N2 Austefjorden,
Motocrossbanen på
Vorland, Turismeanlegg
Lerøy, Naust: N2 Nygård,
N3 og N4 Børnestangen, N7
Forland, N9 Tyrnevik og
N11 Glesnes

Leiaren i plangruppa og administrasjonen hadde møte med Fylkesmannen og fylkeskommunen og det blei konkludert med fylgjande framlegg til ending:

Referat frå møte med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune - KOMMUNEPLANEN

Stad	Tiltak:	Fylkes- mannen:	Fylkes kommunen:	Administrasjonen sitt framlegg:	Plangruppa si avgjerd:
Tyssøy	B1 Nytt bust. om- r	Motsegn	Merkander ut frå landskaps omsyn	Tek motsegna til følgje, tek området ut av planen.	OK
Hummelsund	B7 Nytt bustado mråde	Motsegn		Tek motsegna til følgje, tek området ut av planen.	OK
Tofterå	B8 Nytt bustado mråde		Motsegn	Kommunen gjer mindre tilpassingar og bed om ny vurdering	Byggjeområde blir teken ut og erstatta med tidlegare område for spreidd bustadbygging.
	B9 Nytt bustado mråde			Vi endrar i tråd med merknadar	OK
Telavåg	B12 Nytt bustado mråde			Merknaden vert imøtekome ved at ein halverar området	OK

Lundaneset		Nytt næringsområde	Motsegn, finn ikkje rom for å mekle i saka.	Motsegn	Vurderer å sende saka til departementet for avgjerd der	Formålet vert oppretthalden og vi sender framlegget til meking.	
Stordalen		Nytt næringsområde		Motsegn	Tek motsegna til følgje og tek området ut av planen	OK	
Austefjorden		Nytt næringsområde		Motsegn	Motsegn	Ikkje avgjort om ein vil forsøke å tilpasse området eller ta det ut av planen i denne omgang.	Formålet vert oppretthalden og vi sender framlegget til meking.
Motocrossbane				Motsegn		Tek motsegna til følgje og tek området ut av planen	OK
Vorland		Nytt næringsområde		Merknad,		Tek motsegna til følgje og reduserer området av omsyn til naturmangfald	Formålet vert oppretthalden og vi sender framlegget til meking.
Lerøy		Turisme /næring		Motsegn		Utarbeide KU, vurdere om ein skal stille krav om regulering eller legge inn området som LNF, spredt næring.	OK
Nygård	N2	Naustområde		Motsegn		Tek motsegna til følgje og tek ut området av planen	OK
Børnes	N3	Naustområde		Motsegn		Vil justere, redusere, leggje som LNF, spreidd naust - ny vurdering av bølgebrytar	OK
Børnes tungen	N4	Naustområde		Motsegn		Ny vurdering i plangruppa? FM kan ikkje sjå at det er rom for noko nytt nausområde her - strider mot nasjonale retningslinjer	OK
Forland	N7	Naustområde		Motsegn	Her må ein leggje omsynssone i vågen	Tek motsegna til følgje og tek området ut av planen. Legg inn omsynssone i Forlandsvågen, stiller krav om områdeplan.	OK
Glesnes, Golta	N11	Naustområde		Motsegn		Vil justere, redusere og legge fram for FM til ny vurdering	OK
Generelt, Akvakultur		Akvakultur			Motsegn pga manglande KU	<p>Dette er eksisterande akvakulturområde, og har fått feil status som "framtidig" akvakultur. Dette må rettast. Ein dispensasjon som er gjeve i Forlandsvågen må visast korrekt i plankartet. Vi noterer oss at det bør gjennomførast ein gjennomgang av alle akvakulturområda og foretakast ei "oppdydding" i lokalitetane i kommunen.</p>	OK

Fylkesvegar	Byggjeregrense mot veg	Motsegn pga mangl. byggjeregrense mot veg	Vi tek motsegna til følgje, byggjeregrense mot veg vert teke inn i føresegnene til kommuneplanen.	OK
Golta	LNF, spreidd bustadbygging /omsynssone	Motsegn.	Vi vil i samråd med fylkeskommunen sjå på avgrensinga til omsynssona for Langhuset på Golta. Plangruppa må vurdere om området skal takast ut av kommuneplanen.	Området for spreidd bustadbygging vert teken ut av planen. Nytt framlegg til omsynssone.
Hauganeset	Omsynssone, kulturminne		Vi legg inn omsynssone	Omsynssone på toppen av høgda.
Vorlandsvassdraget	Omsynssone, kulturminne	Det manglar eit mindre område ved sjø som bør inn i omsynssona for vassdraget	Vi tilpassar omsynssona til innspel frå fylkeskommunen	Omsynssone langs vassdraget og rundt det automatisk freda kulturminnet
Melkeviks-naustet	Omsynssone, kulturminne		Omsynssona vert utvida mot nord.	OK
Telavåg	Eldrebuadar		Utarbeide KU, sjå til at Telavåg sjøfartmuseum får uttale seg til utforming av bygg. Området er prega av bygg frå gjenreisinga etter krigen og ligg sentralt i dette landskapet.	Formålet for området blir endra tilbake til område for spreidd bustadbygging. Plangruppa trur at dette prosjektet kan realiserast også med eit slikt formål.

Andre motsegner og merknader.

ROS

KU -alle nye områder som er lagt inn må vurderast mtp naturmangfald

Bygging i LNF spreidd - på høyring hos kulturminnemyndighetene?? Ventar tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune.

Områder som må på ny høyring:

Alle LNF-spreidd områda som var tatt ut i samband med omsynssone/kjerneområda vert retta og lagt ut på ny høyring

Skuleområde, Stranda - gløymd å leggje inn i planen. Må leggjast ut på Høyring

To eksisterande naustområde som låg i LNF-kan område vart gløymt då områda vart teke ut som kan-område pga byggjeregrense mot sjø. Desse to naustområda må leggjast inn som LNF, spreidd, naust og leggjast ut på ny høyring - I Bogen, på Glesnes og I Telavåg.

Det vart beslutta å sende ut planen på ein ekstra høyringsrunde for å klargjere områda for spreidd bustadbygging og nokre utegløynte areal, bl. a. naustomåde og utviding av Stranda skule. Frist for denne høyringsrunden var 5. august.

Plangruppa her handsama dei merknadane som kom inn etter denne høyringsrunden:

Arbeidsgruppa gjekk gjennom alle merknadane.

1. **Hordaland fylkeskommune** hadde merknader til tre omsynssoner, til industriområde i Austefjorden, samt merknad til retningslinene knytt til omsynssoner for bevaring av kulturmiljø.

Plangruppa si handsaming og forslag til løysing:

Når det gjeld omsynssoner ved Melkeviksnaustet og langhuset på Øvre Golta vil kommunen leggje inn omsynssoner i tråd med fylkeskommunen sitt innspel. Omfang vil gå fram av plankartet.

Når det gjeld Vorlandsvassdraget og den automatisk freda gravrøysa legg kommunen inn i omsynssone i tråd med innspel frå fylkeskommunen som kom fram ved synfaring den 13.07.2011, og som er gjeve til framlegg til reguleringsplan for same område. Omfang vil gå fram av kommuneplankartet. Arealet som dekkjer gravrøysa skal ha omsynssone d, bandlegging etter Lov om kulturminne og det skal knytast følgjande retningsliner til omsynssona: ”I omsynssone d er det ei gravrøys med Askeladden-id 116361. Gravrøysa er eit automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillete å skade, tildekke eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, jf §§ 3 og 4 i Lov om kulturminne. Søknad om tiltak som kan verke inn på Askeladden-id 116361 skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve til Lov om kulturmine.”

2. **Fylkesmannen i Hordaland** har valt å trekkje motsegna mot område for kombinert fritids og turistformål og omsynssone landbruk på Lerøy, og på naustområde N3 på Børnes. Motsegn knytt til bustadområdet B8, Tofterå, Eldrebustadar i Telavåg, Industriområda Lundaneset og Vorland samt naustområdet N11 Glesnes vert ikkje trekte. **Heller ikkje motsegn knytt til naturmangfald i konsekvensutgreiinga.**

Plangruppa si handsaming og forslag til løysing:

Bustadfeltet B8 Tofterå vert teke ut av kommuneplanen, slik at motsegna mot denne delen av planen vert trekt. I staden vert gjeldande plan vidareført i ny kommuneplan. Området for eldrebustadar vert teke ut av planen slik at motsegna mot denne delen av planen vert trekt. Gjeldande kommuneplanstatus vert i staden vidareført for området, det vil sei Lnf der spreidd bustadbygging er tillete kombinert med omsynssone.

Området N1 – Lundaneset går til mekling

Området N2 – Austefjorden går til mekling

Område N3 – Vorland: Området vart redusert i tråd med det kommunen oppfatta som merknad til industriområdet på Vorland. Fylkesmannen er av den oppfatning at ein ikkje har redusert området nok, og meiner området ikkje bør gå utafor etablert skog i

området. Grappa si vurdering er at området då vert så redusert at ein ikkje ser anna løysing enn å gå til meklings også på dette området.

Naustområdet N11 – Glesnes vert teke ut av planen slik at motsegna mot planen på dette punktet kan bli trekt.

3. **Merknad frå Forland Sameie** ved Atle Helgheim.
Grappa viser til at tidlegare innspel langt på veg er imøtekome. Grappa er ikkje villig til å leggje inn areal som kan føre til at planen må ut på ny høyring og dermed senke prosessen men kommuneplanrulleringa. Plangruppa viser og til at frist for innspel til kommuneplanen var september 2009.
 4. **Statens vegvesen** bed om at trafikksituasjonen rundt Stranda barneskule og ungdomsskulen vert avklart i ein reguleringsplan slik at ein får gjort gode grep for å få ein trygg skuleveg i samband med utvidinga av Stranda skule.
Plangruppa si handsaming og forslag til løysing:
Det vert utarbeidd ein reguleringsplan for området med fokus på trafikksikring.
 5. **Beathe Øvretveit** viser til at det var brei oppslutnad om å få lagt ut eit bustadområde ved Goltaveien. Ho viser til at mange tilhøve ligg til rette for bustadbygging nett her og at det er for lite tomtar på Glesvær til at dei som ønskjer det kan flytte tilbake til heimbygda.
Plangruppa si handsaming:
Det blir for seint å ta inn områden no, då dette vil krevje at planen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn. Naustområdet som vart lagt inn i nærleiken har kommunen måtte tatt ut att, då fylkesmannen kom med motsegn her.
 6. **Kenneth Sangolt** viser til at han ikkje har fått gjennomslag for tidlegare innspel og merknadar til kommuneplanen, der han bed om å få delar av eigedommen som LNF der spreidd bustadbygging er tillete.
Plangruppa sin merknad:
Vi ser ut frå tidlegare referat at gruppa gjekk inn for ei mindre endring på eigedommen, men at den dessverre ikkje har gått fram av kartet som vart lagt ut på kommunen sine nettsider. Grappa er av den oppfatting at dette kan rettast utan at det krev ny utlegging til offentleg ettersyn, og vil leggje inn området slik ein var gått inn for i tidlegare handsaming.
 7. **Sameiget Kårevik** meiner at kommunen burde ha handsama området som dei ønskja som bustadområde og som vart spelt inn førre gong kommuneplanen vart rullert. Området ligg godt til med tanke på infrastruktur og med nærleik til sjø. Ein er av den oppfatting at kommunen ikkje har gjeve god nok skriftleg informasjon om den planlagde rulleringa og at dei difor ikkje har kome med noko innspel tidlegare i prosessen.
Plangruppa sin merknad:
Kommunen kan ikkje vurdere innspel som kom til førre rullering i denne rulleringa utan at det har kome nytt innspel om dette. Då kommunen ikkje har fått innspel innan fristen til denne rulleringa, kan området ikkje handsamast no. Det ville og krevje utlegging til nytt offentleg ettersyn om ein la inn eit nytt bustadområde i planen no.
-

8. **Ellen og Finn Vabø** vil ikkje akseptere at bustadsområdet på Tyssøy vert teke ut på bakgrunn av den argumentasjonen som Fylkesmannen nyttar.

Plangruppa si vurdering:

Området var teke inn av kommunen og lagt ut til offentleg ettersyn. Då det kom motsegn mot området valte plangruppa å ta ut området att, då ein ikkje såg rom for å mekle på dette feltet. Mellom anna er det registrert stort engasjement på Tyssøy for at det bør utarbeidast ein kommunedelplan for Tyssøy før ein tillet meir utbygging på øya.’

9. **Walter Olsen mfl** ønskjer at Lundaneset heller vert lagt ut som bustadområde enn som industri og har fått med seg andre grunneigarar frå Tyssøy på dette.

Plangruppa si vurdering:

Det er ikkje mogeleg på dette tidspunkt i prosessen å bytte ut eit industriområde med eit bustadområde. Både med tanke på at fristen for å kome med innspel er gått ut, at det vil utgjere for stort arbeid å endre dette no, det ville krevje nytt offentleg ettersyn, samt at ein då tek vekk eit industriområde utan at ein på dette tidspunktet ville kunne erstatte det med eit anna. Plangruppa står fast ved at området går til meking som industriområde i denne kommuneplanrulleringa.

10. **Busette på Tyssøy** ønskjer at kommunen ser på trafikksituasjonen på Tyssøy før ein tillet meir utbygging og vurderer alternative vegtrasear på øya.

Plangruppa sin kommentar:

Området har mange utfordringar knytt til fortsett utbygging. Det er ikkje offentleg vatn og avlaup på øya, vegen er smal og vanskeleg å utbetre. Området har ein viktig rolle som friluftsområde for heile regionen, og har fleire kulturminne og flott kulturlandskap. I tillegg ser ein at skulen på Bjørøy i løpet av nokre år kan vere full.

Vurdering:

Den nye kommuneplanen for Sund har hatt ei grundig utgreiing ein omfattande prosess der vi har prøvt å ha ein brei medverknad frå innbyggjarar og andre interesserte. Det er komen inn mange innspel og alle er vurdert ut i frå dei kriterium som var fastslått i planprogrammet. Vi registrerer også at dei regionale mynder er oppteken av korleis kommunen forvaltar areala sine.

Vi har i denne planprosessen utarbeidd ein del analyser som ein ikkje har gjort tidlegare. Det er landskapsanalyse, estetikkrettleiar, ROS-analyse og Kulturminne- kulturmiljø- og kulturlandskapsanalyse. Vi trur at kvaliteten på planen er blitt høgare på grunn av dette. Vi har for fyrste gong hatt verkty for å sile innkomne innspel – og vi trur at neste rullering vil kunne utførast med mindre ressursbruk.

Mykje av utgreiingsarbeidet har vore gjort av plangruppa og administrasjonen. Det er blitt utført eit stort prosjektarbeid som til tider har gått utover ordinær tenesteproduksjon.

Det vert sendt ut føresegner og alle innkomne merknader til planutkastet og kart. Høyringsdokumenta ligg tilgjengeleg på våre nettsider www.sund.kommune.no under fana Planar og Rullering av kommuneplanen.

Føresegnene blir slutført med framside m.m. etter at planen er endeleg vedteken. Dei blir også retta opp med endringar som vist i saksutgreiinga over og evt. endringar i planutvalet og kommunestyret.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre vedtek i samsvar med § 11-15 i Plan og bygningslova ny kommuneplan for 2010 – 2020.

Følgjande arealformål blir vist med kvit farge i plankartet og må gjennom ei mekling hjå Fylkesmannen før dei blir gjeldande:

1. Industriområde på Lundaneset
2. Industriområdet i Austefjorden
3. Industriområdet på Vorland

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

26.09.2011 FORVALTNINGSSTYRET - PLANUTVAL

Kari-Anne Landro gav først ei kort oppsummering av prosessen og møte med statlege og fylkeskommunale instansar om motsegner til planen. Representantar frå administrasjonen gjekk gjennom merknadene frå dei offentlege instansane og dei endringar som er lagt inn i planen etter høyringsrunden.

Planutvalet bad om at kommunestyret får ein tilleggstabell som klargjer dei endringane som er lagt inn på grunnlag av merknadene frå dei offentlege instansane. Planutvalet bad og om at føresegnene pkt. 14.2 Tal på bustadhus, vert meir spesifisert.

Det var ingen kommentarar til dei private høyringsmerknadene.

Endringsframlegg frå Åshild Nordstrand, SP:

Området ved Austefjorden skal ha same status som i noverande arealplan (LNF).

Det vart først røysta over endringsframlegget, som fekk 1 røyst, og fall. Det vart deretter røysta over tilrådinga, som vart vedteken samrøystes.

PU-090/11 Framlegg frå planutvalet (samr.):

Sund kommunestyre vedtek i samsvar med § 11-15 i Plan og bygningslova ny kommuneplan for 2010 – 2020.

Følgjande arealformål blir vist med kvit farge i plankartet og må gjennom ei mekling hjå Fylkesmannen før dei blir gjeldande:

1. Industriområde på Lundaneset
2. Industriområdet i Austefjorden
3. Industriområdet på Vorland

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

04.10.2011 KOMMUNESTYRET

Leiar i planutvalet, Kari-Anne Landro, innleia kort om planprosessen og møte med statlege og fylkeskommunale instansar om motsegner til planen. Representantar frå administrasjonen gjekk gjennom merknadene frå dei offentlege instansane og dei endringar som er lagt inn i planen etter høyringsrunden.

Det vart opna for debatt og spørsmål. Representantane frå administrasjonen svara på spørsmåla som vart reist.

Kommunalsjef Jon Erik Egeland orienterte om framlegget til samfunnsdelen. Det vart reist spørsmål om saksgruppe levekår og nærmiljø sin rolle i arbeidet med samfunnsdelen. Ved seinare rullering må det leggjast opp til politisk deltaking i prosessen.

Det kom ikkje fram endringsframlegg.

K-099/11 Vedtak:

Framlegget frå planutvalet vart vedteke samrøystes.

Rett utskrift	
Dato:	Kopi til:
	Frode Glesnes for oppf.
	Mona Rabben for oppf.
